

## **Høyringsinnspeil til kommunedelplan for Kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035** frå Meland Sogelag.

### Innspel til kapittel Kulturarv.

#### Museum og samlingar.

Eit museum for Nordhordland er naudsynt for å visa korleis folk har livberga seg på og av sjøen. Her kan ein også visa dei særeigne båtbyggjartradisjonane for området (til dømes Austfjordbåten).

Laget er samd i vurderingane om magasin for kulturhistoriske gjenstandar. Laget har ei ganske stor samling som treng betre lagringstilhøve. Før ein får etablert eit fellesmagasin for Alver, ønskjer laget betre lagringslokale enn me no har.

#### Kommunale kulturminne.

Potensialet i Holmeområdet.

Laget vil peike på Holmeområdet som i tillegg til Holmestova og Sjøbua har fleire større og mindre intakte gråsteinmura ruinar eller rester av bygg og kulturanlegg som kan restaurerast og gi eit meir heilskaplege kulturhistorisk bilet av området og auke områdets både museale verdi og brukspotensiale.

Mange oldfunn ( yngre steinalder) gjort dei siste tiåra, viser områdets historiske verdi.

#### Vegar og vegtrasear.

Vegtrasear er også kultur og viktige innslag i kulturlandskap. Vegar med stabbesteinar og muroppbygging gjennom landskapet kan vere verneverdige.

Den gamle vegen fra Sjurdalen til Myrtveitleitet skulle vore verna. Den vart bygd med tilskot av statsmidlar i år 1900. Den er ein del av byføringsvegen ned til Holmeknappen.

#### Potensialet langs Mjåtveitelva.


Få fram og restaurere murar og kvernhusruin på Mjåtveitelvas austsida, frå Måneskinnsbrua og nedover. Desse murane er ein lite kjend og påakta del av og kulturarva langs elva.



Mur langs Mjåtveitelva.



Kvernhusruin langs Mjåtveitelva.



Kartutsnitt av Mjåtveitelta frå Måneskinnsbrua og sørover.

#### Immateriell kulturarv.

Innsamling av stadnamn, det bør lagast ein oversikt over stoda og plan for vidare innsamling.

#### Kulturlandskap.

Her ønskjer me å få med også ei formulering om fjordlandskapet, kva preg sjøbruket har sett på strandlinja og fjordkysten, med vegar, kaiar, varegåttar (moloar), sjøbuer og naust.

#### Innspel til kapittel Frivilligkeit.

##### Frivilligheita som drivkraft i lokalsamfunna.

Her vil me peike på utfordringane å vidareføringa kunnskapen og kompetansen som ligg i sogelaga. Meland sogelag har dei siste åra hatt gode røynsler med samarbeid om opplæring av lokale guidar og som omvisarar for skular og andre besøkande. Dette er oppgåver som laget vil peike på som viktige å utvikle og videreføre.

#### Innspel til kapittel Klima og miljø.

##### Eit miljøvennleg kultur- og idrettsliv.

Når det gjeld bruk av lokale ressursar vil me kommentere det som står om utmark og ubrukta bygningar. Det er godt at dette er med, og her ligg ubrukt potensiale:

- Informasjonsskilt i utmark om tidigare bruk,
- Trasear for turstiar lagt der gamle stiar låg, og der det er spor etter kulturminne.
- Satsing på og insentiv til å rehabilitera gamle gardshus til nisjeprodukt for overnatting og eller til å synleggjere levemåtar i eldre tider, eller ein kombinasjon av dette.

Frekhaug 15. mars 2023,  
Meland sogelag,  
ved leiar Arnt Svein Brakstad.